

## Hallo i nedslagsfeltet!

Her i Valdres flyg tida av stad, og eg har det supert! Kvar dag skjer det nye og spanande ting, og eg har storkosa meg dei siste vekene, sjølv med ribbeinsbrudd. Logisk nok har eg ikkje vore særleg aktiv sidan sist, men eg har heldigvis klart å gjennomføre ein skikkeleg stortur.

For godt over eit år sidan fekk eg idéen om å ta alle trimpostane til VIL på ein gong. Då hadde eg akkurat fått ein ganske kraftig hjernerystelse, og byrja derfor å planlegge kva eg skulle finne på så fort eg vart bra igjen. Eg tenkte grundig over korleis eg skulle leggje opp "løpet" – rekkjefølgja på postane, kva mat eg skulle ha med, kor langt tid det kom til å ta, og kva tid på døgnet eg skulle starte. Men sidan den gong har det aldri passa å gå turen, og både årstider, skule, nedbør og andre ting har kome i vegen.

Heilt sidan sommarferien i år har eg tenkt at eg skulle ta denne turen i haustferien, og var derfor fast bestemt på å gjere det dersom vêret ville bli ok. Alt såg ut til å klaffe denne gongen...heilt til eg braut eit ribbein på downhillsykling ei veke før haustferien skulle starte. Men eg satsa på at den verste smerta ville gi seg i løpet av dei første 10 dagane, og eg planla derfor å gjennomføre turen nøyaktig to veker etter fallet. Og slik vart det.

Klokka 00.00 natt til onsdag 3.oktober starta eg frå Tregardane og gjekk mot skogsvegen Hjorthol og Koppen. Ute var det bekmørkt, men eg kjente terrenget ganske godt og hadde i tillegg to hovudlykter. Til tider fekk eg også hjelp av månen, og eg hadde det svært fint der eg gjekk for meg sjølv og hørde på stillheita. Eg sleit eit par minutt på Koppen for å finne trimboka, men etter dette gjekk det radig ned til Langeneset, langs vatnet, til trimposten Bruna Straumgjerde og deretter ned til Straumgjerde. Med tanke på skaden kunne eg ikkje bere alt for tungt og måtte derfor få påfyll av både klede og mat under turen, så når klokka var 03.00 møtte pappa meg i Straumgjerde med ekstra mat og joggesko.

På Vårvon sette eg frå meg sekken og bestemte meg for å jogge roleg ut til Riksheim, for så å gå i rask gange opp til Riksheimdammen. I svingane opp til dammen byrja det å regne, men humøret var på topp og kroppen var lett og ledig. Det einaste problemet var at eg byrja å kjenne på ein liten strekk i lysken.

Tilbake på Vårvon tok eg på meg sekken og skifta til lette fjellsko som pappa hadde kome med. Eg var 40 minutt føre skjemaet, men tenkte at det var godt med litt ekstra tid når eg skulle finne fram på Fet i mørket. Heldigvis hadde eg gjort meg ganske kjent i dette området før turen, for trimpostane på Fet er sanneleg ikkje lett å finne! Alt gjekk etter planen, men når eg kom på Høgsætra klarte eg rett og slett ikkje å få auge på den raude postkassa. Eg saumfarte kvart eit tre og gjekk forbi med haudlykta, men til inga nytte. Og akkurat da eg byrja vurdere å gå ned att for å leite, vart det plutselig lyst og under minuttet seinare fann eg boka! Snakk om glede! For ikkje å snakke om kor vakkert det var å sjå på når sola sto opp og lyste opp heile dalen!



*Har det morosamt i mitt eige selskap på skogsvegen Fet*

Så gjekk turen til trimposten på skogsvegen Drabløs som ikkje lenger var ein trimpost, men som eg likevel skulle ta fordi den var med i planen frå starten av og fordi Kenneth Fet var innom den når han gjekk turen i 2010. Seinare fann eg ut at denne trimposten hadde fått kome inn i varmen og blitt godkjend som trimpost igjen. Etterpå bar det vidare til Regndalen, der eg byrja å kjenne at eg var litt trøtt og litt sliten. Men då hadde eg allereie gått i over 10 timar, og tenkte at det var heilt naturleg.



*Flotte Regndalen!*

Medan eg jogga fram til Hole, fekk eg mamma til å køyre dei to mobilane mine (ein med GPS, ein til å ringe og ta bilete) fram til farmor slik at dei kunne lade seg til eg kom. Der venta ein god laksemiddag før eg måtte forte meg vidare.

I Hologarden fekk eg slått av eit par ord med den ein velkjend "paparazzi" som dukka opp, før eg gjekk vidare til boka i Holemarka, opp til Myrdalen og vidare til Myrdalsfjellet i strålande sol. Men plutseleg slo vêret om, og på veg ned frå Myrdalsfjellet fekk eg akutt vondt i ankelen og eg innsåg at det eg trudde var lyskestrekk var overbelastning som berre vart verre og verre.

Frå Svartevatnet og over Holetindane fekk eg hjelp av onkel Per Gunnar, som skulle vise veg over Nibbebreen. Bakken opp var bratt og tung, og vêret var rett og slett ufysleg. Ankelen gjorde vondt og musklane i lyskane slutta nærast å fungere. Men plutseleg slutta regnet, sola kom og ein kjempestor regnboge gjekk frå Svartevatnet og ned i Nysætervatnet. Veldig vakkert!

Men over Nibbebreen fekk vi problem. Medan vi var midt på breen vart det kaldare, og isen vart kjempeglatt. Eg hadde ikkje noko feste i det heile tatt, og vi hadde ikkje noko anna val enn å kome oss forsiktig av breen og vandre langs steinura i staden. Alt dette tok mykje ekstra tid, og då vi kom heilt fram til varden på Holetindane var alt klokka 21.00 og det var veldig mørkt. Men månen dukka opp akkurat då, og lyste opp rundt oss. Dette var absolutt det beste minnet frå turen. Ei heilt spesiell oppleving!!



*Nibbebreen*



*Toppen av Holetindane. Hurra!!*

På Holetindane hadde det kome ei ny trimbok, og vi fann ut at Brunstadkølen hadde vorte godkjent som trimpost. Med andre ord måtte eg endre planane, og gå ein tur dit dersom eg skulle få med meg alle trimpostane. På veg ned til Brunstadsætra byrja kreftene å røyne på for første gang på heile turen. Heldigvis varte dette berre ei lita stund, men dei verkande føtene gjorde det svært vanskeleg å gå. I tillegg var det så mørkt at vi ikkje klarte å finne rette stien mellom Brunstadsætra og Vellesætra. Vi måtte derfor gå eit stykke ned mot Brunstad, før vi kryssa elva og kunne vandre på grusvegen opp til Vellesætra. Merkeleg nok var bakken opp dit det tyngste på heile turen. Lyskane hadde på dette tidspunktet slutta heilt å fungere, og for å komme meg opp måtte eg enten gå baklengs eller drage beina opp for kvart einaste steg. Tida gjekk og gjekk, men 01.30 kunne eg endeleg skrive meg inn i aller siste boka! Det einaste som stod att no var turen heim til Tregardane. Eg hadde tidlegare sagt at det skulle bli sjarmøretappa, men Per Gunnar retta meg og sa at måten eg gjekk på slett ikkje kunne kallast sjarmerande.


På Brunstad vart eg møtt av mitt snille søskenbarn Ole-Peder, som ville gå siste biten med meg. Han gjekk ved sida av meg i musetempo og bar skoa mine, medan eg halta barbeint heimatt. Føtene hadde hovna så mykje opp at det ikkje var plass i skoa, men bakken var heldigvis så våt og kaldt at føtene vart bedøvde.

Klokka 03.21 kunne endeleg juble! Eitt døgn, tre timar og 21 minutt hadde gått sidan eg starta! Ein heilt fantastisk vakkert eventyr tur var over.

Dette kjem eg aldri til å gløyme!!

## Litt fakta:

- Totalt 73 km
- Ca 3200 høgdemeter oppover
- Forbrent ca 11.000 kcal
- 14 trimpostar: Skogsvegen Hjorthol, Koppen, Bruna Straumgjerde, Dammen Riksheim, Skogsvegen Fet, Høgsætra Fet, Skogsvegen Drabløs, Regndalen, Holemarka, Myrdalsfjellet, Holetindane, Brunstadkølen, Brunstadsætra og Vellesætra.



Uheldigvis viste det seg at eg hadde fått betennelse i den vonde ankelen, og fekk treningsforbod av fysioterapeuten vi har her på folkehøgskulen. Det var kanskje like greitt, for da kunne ribbeinet få gro i same slengen. I morgon skal eg endeleg byrje å trene att, og eg ser fram til ei stigande formkurve og ein heidundrande vinter her i Valdres!

Mi personlege form på ein skala frå 0-10 er i skrivande stund vurdert til: 3.9